

*Nordhordland kompetanseregion, NKR  
for barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæring  
Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy*

Til

Austevoll kommune	att. Liv Margareth Østervoll
Austrheim kommune	att. Bodil Boie Brekkan
Fedje kommune	att. Linda Husa
Lindås kommune	att. Kristin Moe
Masfjorden kommune	att. Alf Strand
Meland kommune	att. Reidun Elin Johannessen
Modalen kommune	att. Jahn Olav Nordheim
Osterøy kommune	att. Astrid Brandal Øvsthus
Radøy kommune	att. Olaf Hella
Vaksdal kommune	att. Ann Kristin Bolstad

## Implementering av ny læringsplattform – ressursar til prosjektleiing

### **Me viser til vedtak i styremøte i NKR 22.06.18 i sak 41/18:**

*Nordhordland kompetanseregion bed om at kommunane i IKT-samarbeidet gjer tilgjengeleg ein ressurs på 50 % stilling i samband med implementeringa av ny læringsplattform.*

*Kostnaden ved dette vert delt på dei 10 kommunane med fordeling 35 % fast og 65 % etter elevtal.*

*Denne ordninga vert avtala for skuleåret 2018/19, med opsjon for ytterlegare 2 skuleår.*

*Ordinga vert evaluert desember 2018 og mai 2019.*

### **Saksinnhald**

Dei 10 samarbeidskommunane i IKTNH har valt Canvas, Instructure som leverandør av ny læringsplattform.

Referansar og erfaringar frå andre implementeringsprosjekt syner at det er behov for å prioritere ressursar til dette. I liknande prosjekt har ein sett av 50 % stilling til dette arbeidet. Det er ein kompliserande faktor at det er 10 kommunar som skal involverast i ein del avgjerder. Det er viktig at me lukkast med ei god innføring for å sikre at alle 10 kommunane, dei om lag 1000 tilsette og 6500 elevar i grunnskule og vaksenopplæring tek i bruk verktøyet og funksjonane/løysingane som ligg der, slik at me hentar ut positive effektar på læring og arbeid.

I juni 2018 vart det gjennomført 3 dagar opplæring for superbrukarar og skuleleiarar. Me er i gang med teknisk implementering. Skuleåret 2018/19 som er oppstartåret, ligg det i avtalen 7 dagar med opplæring. Me ser for oss at det også for år 2 og 3 vil vere viktig å ha ein felles ressurs som held utviklingsarbeidet varmt og trekkjer oss i rett retning.

Oppgåver som skal ligge til prosjektleiinga:

- Vekentleg kontakt med suksessmanager i Canvas.
- Kontakt og møter med kommunekontaktane – gjennomføring og oppfølging av oppgåver

*Nordhordland kompetanseregion, NKR*  
*for barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæring*  
*Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy*

- Kontakt og møter med prosjektgruppe implementering – gjennomføring og oppfølging av oppgåver
- Oppfølging av support
- Etablere og følge opp superbrukarnettverk
- Planlegge opplæring i samarbeid med Canvas
- Før- og etterarbeid i samaband med opplæring: kontakt med kurshaldar, tilrettelegging, lokale, servering, påmelding, fakturering av kurskostnader

**Prosjektleiing 50 % stilling:**

NKR gjer framlegg om slik organisering:

30 % stilling - Yngve Vetås, IT-rådgjevar i Lindå kommune

20 % stilling – Dina Dyrhovden, koordinator NKR

Det ligg vurderingar av kompetanse og praktiske omsyn bak ei slik fordeling. Det at ein er 2 personar som deler på arbeidet og oppgåvene gjer det mindre sårbart.

**Kostnader:**

Stillingsstorleik	Namn	Kostnad oppdatert løn inkl sos.avg	Merknad
30 %	Yngve Vetås	220.000,-	Frikjøp
20 %	Dina Dyrhovden	170.000,-	Frikjøp i tillegg til noverande 50 %
<b>50 %</b>		<b>390.000,-</b>	<b>Fordelt på 10 kommunar</b>

**Finansiering:**

I samarbeidet Nordhordland kompetanseregion har ein ei kostnadsdeling mellom dei 8 kommunane med 10 % av kostandane som fast sum og resten til fordeling etter elevtal.

I dette arbeidet er det 10 kommunar som samarbeidar, og det vil vere oppgåver som må løysast for kvar kommune uavhengig om ein har mange eller få elevar. Me ser difor at det vert naudsynt å auke den delen av kostnadane som ligg fast, slik at elevtalet får mindre å seie.

Nedanfor følgjer oppsett på kostnad for kvar kommune ved 35 % fast del og 65 % etter elevtal.

*Nordhordland kompetanseregion, NKR  
for barnehage, grunnskule, PPT og vaksenopplæring  
Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy og Radøy*

NORDHORDLAND KOMPETANSEREGION (NKR)/IKTNH						
Prosjektleiing CANVAS						
<b>Samla utgifter</b>						<b>390 000</b>
Fordeling av kostnader 35 % som fast sum. Resten til fordeling etter elevtal.						
I dette arbeidet vil det vere oppgåver som må gjerast for kvar kommune uavhengig om ein har mange/få elevar.						
<b>Netto utgifter</b>						<b>390 000</b>
<b>Fordeling</b>	Fast sum	35 % av 390000				136 500
	Til fordeling etter elevtal					253 500
<b>Kommune</b>	<b>Elevtal - GSI 2017</b>	<b>Fordelings- nøkkel</b>	<b>Beløp</b>	<b>Fast Sum</b>	<b>Totalt beløp</b>	
Austevoll	683	10,73 %	kr 27 189,15	kr 13 650,00	40 839	
Austrheim	392	6,16 %	kr 15 604,90	kr 13 650,00	29 255	
Fedje	80	1,26 %	kr 3 184,67	kr 13 650,00	16 835	
Lindås	1951	30,64 %	kr 77 666,22	kr 13 650,00	91 316	
Masfjorden	200	3,14 %	kr 7 961,68	kr 13 650,00	21 612	
Meland	1081	16,98 %	kr 43 032,90	kr 13 650,00	56 683	
Osterøy	818	12,85 %	kr 32 563,29	kr 13 650,00	46 213	
Modalen	71	1,11 %	kr 2 826,40	kr 13 650,00	16 476	
Radøy	620	9,74 %	kr 24 681,22	kr 13 650,00	38 331	
Vaksdal	472	7,41 %	kr 18 789,57	kr 13 650,00	32 440	
<b>Kontrolltall</b>	<b>6368</b>	<b>100 %</b>	<b>kr 226 310,85</b>	<b>kr 109 200,00</b>	<b>390 000</b>	

Styret i Nordhordland kompetanseregion har sitt neste møte 31.08.18. Me med om å få tilbakemelding frå kvar kommune på deltaking i eit slikt samarbeid **innan 24.08.18**.

Tilbakemelding kan sendast til:

Nordhordland kompetanseregion  
v/ koordinator  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDLASTØ  
[dina.dyrhovden@lindas.kommune.no](mailto:dina.dyrhovden@lindas.kommune.no)

Knarvik 04.07.18

På vegne av styreleiar, Alf Strand

Dina Dyrhovden, koordinator